



Erland Bækvold
ARNESTADVEIEN 7
1390 VOLLEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5346 - 22/25485

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
01.04.2022

Svar vedrørende spørsmål om manglande nabovarsel - gbnr 229/6 Skår

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 229/1
Tiltakshavar: Lerøy Vest AS
Ansvarleg søkjar: Multificonsult Norge AS Avd Stord

Spørsmål om nabovarsling

Utgangspunktet etter plan- og bygningslova (pbl.) §21-3 er at naboar og gjenbuarar skal varslast av søkjar før søknad sendast inn. Omsynet bak kravet om nabovarsling er å ta vare på interessene til andre som blir påverka av det konkrete tiltaket.

Eigedomane dykkar med med gbnr.231/14, 15 og 21 ligg plassert som gjenbuareigedom til sjølve settefiskanlegget i Bjørsvik. Eigedom markert med sirkel og lyseblå farge er dykkar:



Dykk viser til tiltak på gbnr.229/6, som er Lerøy Vest sitt bygg i Bjørsvika. Søknad om dispensasjon for etablering av inntaksleidning er tilknytt gbnr.229/1 og gbnr.231/73, og omfattar dispensasjon for etablering av sjølve inntaksleidningen i Husdalsvatnet. Desse gårds-

og bruksnummera er vist på kart her:



Det er søkt om dispensasjon frå plankrav og arealføremål i Husdalsvatnet. Dispensasjonen omfattar plassering av ein inntaksleidning i Husdalsvatnet. Det er stor avstand mellom gbnr.229/1, samt 231/73, og dykkar eigedom som vist på første bilete. Det er dermed i dispensasjonssøknad vurdert at dykk ikkje har interesser som tilseier at dykk skulle ha vore nabovarsla etter pbl.§21-3.

Det presiserast her at det enno ikkje er søkt om etablering av leidningen som eit tiltak etter plan- og bygningslova. Det er dermed ikkje vurdert konkret kven som skal varslast etter pbl.§21-3 ved gjennomføring av tiltak. Det må takast ei konkret vurdering ved søknad om tiltaket om det er relevant å krevje nabovarsling til eigedomane dykkar.

Det er etter administrasjonen sitt syn ingen særlege tilhøve som tilseier at det er behov for ytterlegare nabovarsling til gjenbuarar i nærleik av settefiskanlegget i tilknytning til handsaming av søknad om dispensasjon for etablering av inntaksleidning i Husdalsvatnet.

Vidare saksgang

Administrasjonen vurderer at nabovarslinga var komplett i sakshandsaminga.

Denne vurderinga er ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på etter fvl.§2.

Viser elles til at det er mogeleg å klage på dispensasjonsvedtaket datert 18.10.2021. Klagefristen er jamvel i utgangspunktet gått ut, men det er visse unnatak her. Sjå meir om dette i forvaltningslova §29. Dette tilhøvet, samt dykkar rettslege klageinteresser, vil dermed måtte vurderast ved eventuell klage.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Erland Bækvold

Marta Gerd Bjørsvik Bækvold

ARNESTADVEIEN 7

VOLLEN SKOG 4

1390

1390

VOLLEN

VOLLEN